

Oppsummering Kretsmøter 2019

RU-Vest



Nortura
bondens selskap

Generell informasjon

- 29 møter i 32 kretser fra 18.02. til 28.02. 2019. 27 av møta var kveldsmøter, i 2 kretsar var det dagmøter.
- Av 4288 registrerte medlemmar møtte 954 mot 898 i 2018.
- Det er 22,2% av antal medlemmar mot 20,8% i fjor.
- Av desse møtte 15,5% - 148- kvinner mot 14,7% kvinner – 132 stk.
- På møta møtte Jan Erik Fløtre, Merete Sund, Per Heringstad og Håkon Olav Ulfsnes frå konsernstyret, i tillegg til Trine H. Våg i eit møte.
- I eit møte var Kåre Storevik frå PROFF til stades.
- Elles var det leiar og nestleiar fra AU og regional administrasjon som dekkja møta. I eit møte møtte AU-leiar i RU-Agro, Willy Finnbakk.
- **Krets 88 – Ytre Sunnhordland vann konkurransa med 35,6% oppmøte.**
- **GRATULERER!!!!**

Saker som gjekk igjen under årsmelding og rekneskap

- **Det meste av fokuset i møta var retta på det dårlege resultatet og innspela kan samanfattast slik:**
- Økonomien må betrast – få opp marginar og ned med kostnader. Men ikkje spare seg til fant, og kvar tapar ein pengane? Og ha framtidsfokus!
- Ein del spørsmål og innspel på renteutbyte og medlemskapital og utbetaling her.
- NOVA – SAP, her må ein gjere det betre.
- Media – meir retta mot forbrukar og eigar – og ha mot-informasjon på direkte feil, på EAT og andre. Også meir retta innlegg på SoMe.
- Leveringsgrad – fokus på dette, men ta ned varelinjer som ikkje trengs eller ikkje betaler seg.
- Løren – her bør ein bruke anlegga i staden for.
- Har selskapet god nok leiing? Ein del spørsmål om ny konsernsjef. Rett forretningsmodell?
- Coop – alt om merkevare, mengd, tome hyller, at Nortura ikkje kan levere, EMV etc.

Drift og marknad

- Medlemsbutikken – bør den vere open for alle med to-pris system?
- Betale bonden rett pris ihht uttak i marknaden – slaktet må betale seg sjølv
- Er det overkapasitet i bransjen? Felles slakteri for områder?
- Få ut info til bonden om kva denne kan gjere for betre inntening! Rett merking, opplasting, bruke Min Side, etc. Taksameter i staden for stoppavgift?
- Inntransport – finne løysingar og innsparingspotensiale.
- Treng å få betre pris på varene, betre synlegheit i butikk, meir sauekjøt i produkta, kalle ung sau for fjorårslam og betre merking for opphavsland av kjøtet.
- Distribusjon saman med Tine? Mykje rundt kjedane sine sentrallager og mangel på produkt i butikk.

Snu-operasjon

- Svært mange ansette i Nortura sett opp mot antal produsentar.
- Ta bort produksjonar som ikkje gir inntening.
- Destruer sauene i staden for å legge den på lager!
- Arbeid endå meir for å få bort teljedato.
- Treng gulrot for effektiv opplasting av slakt.
- Ansette som sa frå seg julegåve var flott!

Open post

- Teljedato – må bort snarast mogleg – Nortura må presse på her.
- Svin – ta bort reklame som ikkje er verklegheit, og fokus på distriksgris, eingongs-purker, balansen, nivå på kvantumstillegget, svinepest mot import/grensehandel.
- Ny klassifiseringsmetode på storfe – nedgang på klasser, bonden taper pengar, treng ikkje 7 vekers innmeldingsavtale
- Kalven – for høg livdyrpris.
- Spørsmål om sumar-lam, ingen avrekning bør gå i minus.
- Livdyr, bort med nett-sida, og kva ligg til grunn for prisutrekning på livdyr?
- Er det rett opplastingsplanlegging rundt Bergen for slakt?
- Påverke at ingen arbeider for auka produksjon, ikkje rådgivarar, stat eller fylke.
- Skryt til medlemssenter, planleggarar og sjåførar i området!

Open post

- Vil sentrallager for kjedane påverke produksjonsområda av slakt?
- Treng ein gest til langvarige lojale eigarar like mykje som til unge/nye bønder.
- Treng å få melding på SMS om henting – ikkje dette på telefon. Men treng å ha anna telefonkontakt med lokalt medlemsenter. (uttale frå krets 68)
- Er det rett vekt på naudslakt alltid? Opplever ikkje det i praksis.
- Fökrisa – fekk dei som var ramma hjelp? Skryt til samvirkeselskapa!!
- Oppmoding til styret om å ha erstatningsproduksjon på eldhus-produkt i dette lokalmiljøet når Eldhus vert borte.
- Treng fokus på Samvirketanken!!

Uttale frå krets 68 - Storehesten

- Krinsmøtet vil be Nortura revurdere ordninga med eit direktenummer som kan sende deg til kva som helst slags anlegg i landet.
- Ein har fått til gode ordningar som lammeringar som både Nortura og vi som medlemmar tener på. For å få slike ordningar til å fungere best mogeleg, er det viktig at lammeringsleiarar kan ta kontakt med folk på anlegget ein skal levere til. Andre treng også å kunne ringe til anlegget dei brukar for å få svar på ting dei lurar på.
- Etter innføring av ordninga med eit direktenummer, har vi hatt fleire tilfelle der ein har blitt sett over til anlegg heilt andre stader i landet, ikkje kan svare på spørsmål og ikkje kan hjelpe deg. Dette gjev eit dårleg inntrykk, og Nortura framstår som eit stort og uoversikteleg system der det er vanskeleg å få hjelp.
- Det vil vere ei god investering for Nortura å gå attende til systemet som var før, og som fungerte. Dette vil forenkle arbeidet for dei på anlegga, for oss som bønder, og det vil byggje betre kontakt mellom Nortura og eigarar.

Og så tek Arbeidsutvalet saker vidare for oppfølging

